

FORMELL OG SEMANTISK ADJEKTIVKONGRUENS I NORSK

TOR A. ÅFARLI¹ & ØYSTEIN A. VANGSNES^{2, 3}

¹*Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet,*

²*UiT Noregs arktiske universitet,*

³*Høgskulen på Vestlandet*

SAMANDRAG

Artikkelen gir eit empirisk basert oversyn over og diskusjon av utvalde typar adjektivkongruens i attributiv og predikativ posisjon i norsk. Vi fokuserer særleg på to empiriske forhold som peikar seg ut som slåande: 1) Ved semantisk kongruens i predikativ posisjon er det tilsynelatande ingen formelle kongruenstrekk i predikasjonssubjektet som utløyser kongruens på det predikative adjektivet; 2) Sjølv om det ikkje alltid er formelt samsvar mellom predikasjonssubjekt og predikativt adjektiv, er det utan unntak formelt samsvar mellom substantiv og adjektiv når adjektivet står i attributiv stilling.

[1] INNLEIING

Denne artikkelen tar for seg adjektivkongruens i norsk, både i attributiv og predikativ posisjon. Eitt funn er at medan kongruenskravet er strikt når adjektivet står attributivt, er ofte kongruenskravet mindre strikt når adjektivet står predikativt. I predikativ posisjon finst det ulike former for manglande adjektivkongruens. Ein type som vi nemner (i del 3), men ikkje går spesielt nøyne inn på i denne artikkelen, har å gjere med dialektal variasjon når det gjeld pluralbøyninga.

Det vi i hovudsak tar for oss i denne artikkelen, er to typar semantisk kongruens i predikativ posisjon, nemleg pluralformer som er relaterte til distribuert tolking (del 4.1) og manglande nøytrumsbøyning av predikativt adjektiv (del 4.2). Det er ikkje opplagt at den siste typen har med semantisk kongruens å gjere, men vi vil argumentere for at så er tilfellet. Vi går ikkje inn på ein tredje type semantisk kongruens i predikativ posisjon som har fått mykje merksemd i faglitteraturen, nemleg såkalla «pannekake-setningar».

Artikkelen har først og fremst eit empirisk siktemål, og dei fleste døma er henta frå NoWaC-korpuset (Tekstlaboratoriet, UiO). Mot slutten av artikkelen (i

del 5) skisserer vi likevel heilt kortfatta ein analyse som kan forklare dei viktigaste observasjonane.

[2] STANDARDMØNSTRE I ATTRIBUTIV OG PREDIKATIV POSISJON

Adjektiv både i attributiv og predikativ posisjon har samsvarsbøyning i norsk. I attributiv posisjon blir adjektivet bøygd i samsvar med substantivet det står til internt i DPen, og i predikativ posisjon blir det bøygd i samsvar med DPen det står til som predikativledd.

Når adjektivet står attributivt, kan det ha sterkt eller svakt bøyning: Noko forenkla får adjektivet sterkt bøyning i grammatisk ubestemte DPar, og svakt bøyning i grammatisk bestemte DPar. Relevante bøyingskategoriar ved sterkt bøyning er genus og numerus, medan den svake/bestemte forma som blir brukti i DPar i bestemt form, som regel er invariant, utstyrt med eit -e-suffiks.

Døma i (1) eksemplifiserer det typiske standardparadigmet for sterkt adjektivbøyning, dvs. i ubestemte kontekstar, og døma i (2) eksemplifiserer det typiske paradigmet for svakt adjektivbøyning, dvs. i bestemte kontekstar.

- (1) a. **ein stor bil**
 b. **ei stor ferje**
 c. **eit stort hus**
 d. **mange store bilar/ferjer/hus**

- (2) a. **den store bilen**
 b. **den store ferja**
 c. **det store huset**
 d. **dei store bilane/ferjene/husa**

Når adjektivet står predikativt, har det berre sterkt bøyning, uansett om DPen det står predikativt til, står i bestemt eller ubestemt form. I standardparadigmet viser det predikative adjektivet bøyning i genus og numerus på same måte som i attributiv stilling. Dette er vist i (3) og (4). I (3) er DPen i bestemt form, og i (4) i ubestemt form, men adjektivbøyninga er sterkt i begge tilfelle.

- (3) a. **Bilen er stor.**
 b. **Ferja er stor.**
 c. **Huset er stort.**
 d. **Bilane/ferjene/husa er store.**

- (4) a. **Ein bil er stor.**
 b. **Ei ferje er stor.**
 c. **Eit hus er stort.**
 d. **Mange bilar/ferjer/hus er store.**

[3] «SLAPP» ADJEKTIVBØYING I PREDIKATIV POSISJON

Medan genus, numerus og definitt er dei tre bøyingskategoriane som gjeld for adjektiv i attributiv posisjon, så gjeld berre kategoriane genus og numerus for adjektiv i predikativ posisjon. Døma i (5), der *store* er den svake/bestemte forma, er med andre ord klart uakseptable.

- (5) a. *Bilen er **store**
 b. *Ferja er **store**
 c. *Huset er **store**

Ei mogeleg forklaring på dette kan vere at bestemt form er assosiert med referanse, og den predikative posisjonen er i sin natur ikkje-referensiell. Derimot inngår attributive adjektiv i ein (potensielt) referensiell DP, og vil få bestemt form i kraft av det (når DPen står i bestemt form). Ein slik analyse harmonerer også med at passiv partisipp i dialektar som har kongruerande partisippformer, heller ikkje har svak/bestemt form, som vist i (6) (sjå Sandøy 1988).

- (6) a. Elgen/ein elg vart skoten/*skotne.
 b. Kua/ei ku vart skota/*skotne.
 c. Rådyret/eit rådyr vart skote/*skotne.

Sidan bøyingskategorien definitt ikkje gjeld i predikativ posisjon, kunne vi kanskje seie at samsvarsbøyninga i predikativ posisjon er «slappare» eller mindre strikt enn i attributiv posisjon (jf. fenomenet «lazy agreement», Bonet 2013).¹

Det viser seg faktisk at dette gjeld fleire eigenskapar enn kategorien definitt. Norsk referansegrammatikk (Faarlund et al. 1996, heretter «NRG», s. 765) seier såleis om adjektivkongruens i predikativ posisjon: «Frå hovudregelen om kongruens finst det mange unntak» og «[...] språkbruken [varierer] mykje med omsyn til bruk av kongruensbøyning ved predikativt adjektiv». NRG nemner særleg to tendensar, for det første ein tendens til å bøye predikative adjektiv etter tyding i staden for etter grammatiske kategori, og for det andre ein tendens til å la predikative adjektiv stå ubøygde. NRG seier også at begge desse tendensane er relativt nye i norsk, og at bruken varierer ein god del mellom sjangrar, stilartar, målformer og individuelle språkbrukarar.

I framstillinga nedanfor skal vi ikkje basere oss slavisk på inndelinga i NRG (sjå NRG, s. 764–773), men først og fremst konsentrere oss mest om avvikande

[1] Vi kan nemne at forskjellen mellom attributiv og predikativ posisjon når det gjeld kongruensbøyning av adjektivet, er langt meir ekstrem i t.d. tysk, der predikative adjektiv er ubøygde, medan attributive adjektiv har full kongruensbøyning (sjå Roehrs & Julien 2014). I samiske språk som til dømes nordsamisk er skiljet motsett ved at predikative adjektiv vert bøygde i numerus og kasus medan attributive adjektiv står i ei eiga ubøygd form (sjå t.d. Nickel 1994, s. 79ff).

numerusbøyning i predikativ posisjon, sjølv om vi også skal dra inn andre beslektet forhold som gjeld adjektivbøyninga. Vi skal også fokusere på kontrasten i bøyning mellom attributive adjektiv og predikative adjektiv, noko som det ikkje blir systematisk lagt vekt på i NRG.

Om ein ser nærmare på (den sterke) numerusbøyninga av adjektiv i predikativ posisjon samanlikna med attributiv posisjon, vil ein oppdage at mange dialektar ikkje har pluralsuffiks på adjektivet i predikativ posisjon sjølv om pluralsuffikset er obligatorisk i attributiv posisjon. Døme på denne kontrasten er vist i (7).

- (7) a. Bilane/ferjene/husa er **stor**.
 b. mange **store**/***stor bilar**/ferjer/hus

Merk at slik slapp samsvarsbøyning gjeld mange norske dialektar medan standardmønsteret i det minste i skriftspråka er at det er pluralsuffiks også i predikativ posisjon (sjå Sandøy 1988 når det gjeld den geografiske utbreiinga i norske dialektar). På denne måten er dette fenomenet ulikt mangelen på definitt-bøyning i predikativ posisjon, som er noko som gjeld absolutt, og som på ingen måte viser (dialektal) variasjon.

Det er også ein tredje eigenskap der det er ein interessant forskjell mellom adjektivbøyning i attributiv og predikativ stilling, og det er at samsvarsbøyninga kan vere semantisk betinga i predikativ posisjon, men ikkje i attributiv posisjon. Også dette gjeld i norsk generelt og viser ikkje dialektal variasjon. Vi tar for oss dette fenomenet i neste delkapittel.

[4] SEMANTISK VS. FORMELL SAMSVARSBØYING I PREDIKATIV POSISJON

I dette delkapittelet tar vi for oss to hovudtypar semantisk kongruens i predikativ posisjon. Det finst også ein tredje hovudtype semantisk kongruens som vi ikkje diskuterer her, men som er diskutert ein god del i norsk og nordisk lingvistisk litteratur, nemleg såkalla *pannekake-setningar* (sjå NRG, s. 776 ff.; Enger 2004; Enger & Haugen 2017; Haugen & Enger 2019). Overordna sett meiner vi denne typen går inn i same empiriske mønster som dei andre to, og at også ein tilsvarande analyse som den vi skisserer i delkapittel 5, gjeld for *pannekake-setningane, mutatis mutandis*. Argumentasjon for dette må leggjast fram i framtidig arbeid.

[4.1] Pluralform relatert til distribuert tolking

NRG (s. 765 ff.) nemner ulike typar semantisk basert kongruensbøyning av adjektiv i predikativ posisjon. Her skal vi først ta for oss den typen som NRG (s. 769) seier har «base i eintal – predikativ i fleirtal», dvs. at det er manglande

kongruens ved at DPen som skulle ha utløyst kongruensen, står i singular, medan det predikative adjektivet som skulle ha kongruert med DPen, står i plural.

(8b) og (9b) gir døme med predikative adjektiv på den typen semantisk kongruens vi skal fokusere på. (8a) og (9a) gir døme med attributive adjektiv på formell kongruens i tilsvarende døme, og (8c, d) og (9c, d) viser at semantisk kongruens er utelukka i attributiv posisjon (d-døma). Her er berre formell kongruens mogeleg (c-døma).

- (8) a. Politiet er **effektivt**.
 b. Politiet er effektive.
 c. Eit **effektivt** politi.
 d. *Eit effektive politi.

- (9) a. ??Politiet er **sikkert** på at det er drap.
 b. Politiet er sikre på at det er drap.
 c. eit **sikkert** politi.
 d. *eit sikre politi.

Det synest opplagt at det som skjer ved semantisk kongruens i b-døma, er at politiet her blir konstruert som ei mengd enkeltindivid, dvs. ei distribuert tolking, og det er individua som er effektive og sikre. I a-døma er tolkinga derimot at politiet blir oppfatta som ei udifferensiert gruppe eller ein institusjon. Legg spesielt merke til at (9a) høyrest pussig ut. Grunnen til at formell kongruens og dermed gruppe- eller institusjonstolking av politiet ikkje er naturleg her, er at 'sikker' (i denne samanhengen) viser til ein psykologisk tilstand, og ei gruppe eller ein institusjon kan ikkje lett tilskrivast ein slik tilstand. Derimot kan politiet som gruppe eller institusjon vere effektivt, så (8a) er uproblematisk. På bakgrunn av dette resonnementet er det ekstra overraskande at semantisk kongruens faktisk er utelukka og berre formell kongruens er mogeleg ved adjektivet *sikker* i attributiv posisjon, jf. (9c, d). Altså langt på veg den motsette situasjonen av det vi finn i predikativ posisjon. Dette tyder på at kravet om formell kongruens er svært sterkt i attributiv posisjon.

(10) og (11) viser fleire døme på semantisk kongruens i predikativ posisjon med dei to adjektiva *effektiv* og *sikker*. Døma er henta på NoWaC-korpuset (Tekstlaboratoriet, UiO; sjå Guevara 2010). Dette er eit skriftspråkskorpus som består av 700 millionar ord, med tekstar frå .no-domene på internett hausta i perioden november 2009 til og med januar 2010.

- (10) a. Sogndal på sin side var effektive.
 b. Bortelaget var effektive foran mål.
 c. Betjeningen er effektive, hjelsomme og ...
 d. Trondheim bydrift er effektive.

- (11) a. Politiet er sikre på at brannen er påtent.
 b. Akademiet er sikre på at en økning av [...].
 c. Enebakk historielag er sikre på at man [...] kan finne en god bruk for denne bygningen.
 d. Militærbasens ledelse var sikre på at faren var over.
 e. Restauranten er sikre på at budskapet kommer frem.
 f. Familien er sikre på at han var på jobb 100 meter unna.
 g. Markedet er sikre på fusjon.
 h. Det norske paret på bryllupsreise var sikre på at de kom til å dø.

I (12) har vi konstruert tilsvarende døme med adjektivet i attributiv posisjon. Dei viser at pluralforma (med intendert distribuert tolking), som er heilt naturleg i predikativ posisjon, er heilt utelukka i attributiv posisjon. Vi har ikkje laga slike jamføringer for alle døma i (10) og (11), men mønsteret gjeld utan unntak.

- (12) a. *et effektive bortelag
 b. *en effektive betjening
 c. *et sikre akademi
 d. *et sikre historielag
 e. *en sikre militærledelse
 f. *en sikre familie.

Ein observasjon før vi går vidare: Det er påfallande at i alle dei korpus-døma med semantisk kongruens vi har sett på til no (og det vil også gjelde dei vi skal sjå på i framhaldet), refererer substantivet/DPen som adjektivet står til, til menneske, anten som gruppe/institusjon eller som individ. Dersom vi testar for dette, viser det seg at det faktisk er vanskeleg å få ei distribuert semantisk tolking når det ikkje er snakk om menneske, sjå kontrastane i (13)–(15).²

- (13) a. *Blomstergruppa er pene, dekorative, ...
 b. Ledelsesgruppa er synlige, aktive, ...
 (14) a. *Lavprisgruppa er fine.
 b. Fotballgruppa er flinke.
 (15) a. ??Den ulveflokk som kommer mot oss, er skumle.
 b. Den ministerflokk som ble utnevnt i går, er skumle.

[2] Vi har testa dette hos nokre informantar, og alle finn ein ulikskap i akseptabiliteten mellom a og b i døme som (13)–(15) der a-døma generelt blir vurderte som vanskelegare, men den relative graden av ulikskap blir vurdert litt ulikt frå informant til informant.

Forklaringa på denne ulikskapen er truleg at det generelt er nærliggande å tenke på menneske/menneskegrupper/institusjonar som (ei samling) enkeltindivid, slik at det som regel vil vere naturleg semantisk-konseptuelt å konstruere ei eining som består av menneske, som nettopp enkeltindivid, dvs. ha ei distribuert tolking. Å konstruere blomstergrupper eller varegrupper som at dei består av enkeltblomar eller enkeltvarer, er mykje mindre naturleg, og det gjeld også ulvane i ein ulveflokk.

Nedanfor gir vi, for å føye til meir empirisk substans, nokre fleire døme frå NoWaC-korpuset på pluralformer med distribuert tolking. Vi har brukt adjektivet *enig/enige* (plural) i søket. Legg merke til at alle døma har substantiv/DP som på ein eller annan måte har med menneske å gjere.

- (16) a. EU-toppmøtet er enige om rammene for en ny traktat.
b. Gruppa er enige om at kurset har gitt utbytte.
c. Arbeidsgruppen [...] er enige om at prosessen skal fortsette.
d. Nasjonalmuseets styre er enige om full taushet.
e. Hele den muslimske verden er enige om at islam er «a way of life».
f. Hele det politiske spekteret innenfor etablissementet er enige om det aller meste.
g. Familien var enige om at en uke holder.
h. Flertallet i helsekomiteen er enige om følgende punkter: [...].
i. Resten av gjengen var enige.
j. Paret var enige om bruddet.
k. Duoen var enige om mer enn forretningsideen.
- (17) a. Justisdepartementet var enige med dem i sak.
b. Markedet er enige med oss.
c. Flesteparten er enige med moren din.
d. Klubben [Arsenal] er enige med Barcelona om overgangen.
e. 23-åringen er enige med Oilers-ledelsen om en godt gjørelse.
- (18) a. Klubben og spilleren er enige.
b. Bandet og Pikes familie var enige om at Ra Ra Riot måtte fortsette.
c. Regjeringen og opposisjonen er enige om å bruke 3 milliarder i året.
d. Både du og din mann er enige om å prioritere annerledes i fremtiden.
e. Både europeisk og arabisk elite er enige om å benekte dette.
f. Det norske og nederlandske forsvaret er enige om å legge seg på en myk linje.

Døme av typen i (17) og (18) fortener ein ekstra kommentar. I (17) kunne ein tenke seg at pluralforma *enige* blir brukt for å signalisere at referenten til subjekts-DPen og referenten til DP i den postadjektiviske PPen er einige, men i (17a-d) kunne ein like gjerne tolke pluralforma *enige* distributivt i høve til enkeltindividet som er omfatta av subjekts-DPen åleine. Men i (17e) er ikkje den siste tolkinga mogeleg, for her refererer subjekts-DPen (*23-åringen*) til eitt einaste individ, og ei standard distribuert tolking av plural-adjektivet blir umogeleg. Den einaste måten å tolke pluralforma *enige* på i (17e) synest derfor å vere at einig-relasjonen eksisterer mellom *23-åringen* og *Oilers-ledelsen*.

I døma i (18) finn vi også pluralforma *enige*, men her er ikkje den relatert til ei distribuert tolking av ein sg-DP, men til referentane til to koordinerte DPar. Likevel er det snakk om semantisk kongruens fordi dei DPane det gjeld, kvar for seg er i sg, og det er ingen pluraltrekk i den komplekse subjekts-DPen. Grunnlaget for pluralforma til adjektivet ser derfor ut til å vere ein semantisk-konseptuell konstruksjon av den komplekse subjekts-DPen som plural, på ein måte som er i slekt med korleis pluralformene relaterer seg til ei distribuert tolking.

Nokre andre døme med koordinering frå NoWaC-korpuset er viste i (19), denne gongen med adjektivet *klar/klare* (plural).

- (19) a. «Lost in translation»-stjerna og «Pizzagjengen»-helten er klare for å gifte seg.
- b. [...] at både henne og Marianne Andersen i prinsippet er klare for sluttspillet.
- c. Entreprenøren og Statens vegvesen er klare til å sette inn ekstra sikringstiltak.

[4.2] Manglande nøytrumsbøyning av predikativt adjektiv?

NRG (s. 765–766) har ein interessant observasjon når det gjeld nøytrumsbøyning av predikative adjektiv når adjektivet står til eit substantiv eller ein DP (i vår terminologi) som refererer til eit menneske. Dei seier først at grammatisk genus opphavleg heng saman med naturleg kjønn, og deretter at substantiv for mannlige vesen som regel er maskulinum, medan substantiv for kvinnelege vesen som regel er femininum. Så seier dei at det finst unntak til dette, for det finst også nøytrumssubstantiv som refererer til menneskelege vesen, t.d. *barn*. Vidare seier dei at ved slike ord strir logisk sans mot å bruke predikativ i nøytrumsform, medan «grammatisk språkkjensle» på den andre sida krev slikt samsvar. På grunnlag av dette resonnementet meiner dei at (20a, b) er «mindre vanleg» (som vi indikerer med spørjeteikn i parentesar), medan ved døme som (20c, d) er dette «enda mindre akseptabelt» (her er spørjeteiknmarkeringane NRG sine).

- (20) a. (?)Barnet er sjukt.
 b. (?)Barnet er snilt.
 c. ?Postbudet er sjukt.
 d. ?Styremedlemmet er inhabilt.

Tanken her synest å vere at sidan eit menneske har eit biologisk kjønn, som anten er hankjønn eller hokjønn, «strir logisk sans [...] mot» å bruke nøytrum på adjektivet. I følgje NRG løyer språket dette problemet ved å bruke ulike omskrivingar (sjå NRG, s. 766) eller ved rett og slett droppe nøytrumssuffikset på adjektivet, spesielt dersom det er litt «avstand» mellom substantivet/DPen og det predikative adjektivet, som i (21) (døme gitt i NRG).

- (21) Dette styremedlemmet må reknast som inhabil.

Vi stiller oss kritiske til NRGs analyse av data som dei i (20) og (21). Mellom anna må ein spørje seg, gitt NRGs analyse, kvifor nøytrum i det heile blir brukt på substantiv som refererer til menneskelege vesen. Og vidare kan vi også spørje kvifor ein slik analyse ikkje gjeld for adjektiv i attributiv posisjon. Der er det ikkje berre mogeleg, men eit absolutt krav at adjektivet får nøytrumsbøyning når det står til eit substantiv i nøytrum som refererer til eit menneskeleg vesen, jf. (21).

- (22) a. eit sjukt barn VS. *eit sjuk barn
 b. eit snilt barn VS. *eit snill barn
 c. eit sjukt postbud VS. *eit sjuk postbud
 d. eit inhabilt styremedlem VS. *eit inhabil styremedlem

Her er det altså ingenting som strir mot logisk sans når det gjeld å bruke nøytrumsforma av adjektivet. Derimot synest den formelle kongruensen i (22) å vere ein konsekvens av den same kongruenstvangen i attributiv posisjon som vi såg i 4.1.

Dersom vi no vender tilbake til data av typen i (20) og (21), kan vi observere at NRG ikkje seier at nøytrumskongruens er heilt utelukka, og dei nemner også at nøytrumskongruens er OK når predikativet «går på ein objektiv, fysisk eigenskap», som i (23).

- (23) Barnet er stort.

Dei seier også at manglande nøytrumssuffiks er mogeleg, sjølv om det skulle ha vore til stades etter formell kongruens, spesielt dersom det er stor «avstand» mellom DPen og adjektivet, som i (21). Vi vil føye til at manglande nøytrumssuffiks er mogeleg i slike tilfelle også når avstanden ikkje er stor, som t.d. i (24). Ein

rask sjekk i NoWaC-korpuset på søkestrengen {barnet}+{VÆRE}+{adjektiv} viser at av dei 400 første treffa, er det berre 64 som har ein eksplisitt skilnad mellom nøytrum og m/f, og av desse manglar 10 nøytrumssuffiks, medan dei resterande 54 har det.

- (24) a. Barnet er sjuk.
- b. Barnet er snill.
- c. Postbudet er sjuk.
- d. Styremedlemmet er inhabil.

Vi foreslår å analysere manglande kongruens både i typen (21) og (24) som semantisk kongruens med referenten til substantivet/DPen, som om det vart referert til denne entiteten med *han/ho* eller eit *proprium*. Dermed blir data som dei ovanfor ein type data som liknar på dei vi behandla i delkapittel 4.1, der semantisk kongruens er mogeleg i predikativ posisjon, men strengt forbode i attributiv posisjon, og ein må vente at same overordna analyse vil forklare begge typane.

NRG (s. 766) seier at dersom vi har kollektive nøytrumsord som refererer til menneske, vil predikativet ofte stå i plural, og vi får ei distributiv tolking av den typen som vi diskuterte i delkapittel 4.1. Dermed kan ein i følgje NRG unngå «dilemmaet» med bruk eller ikkje-bruk av nøytrumsforma til det predikative adjektivet. Dei gir (25) som døme.

- (25) Publikum er kresne.

Eit sok i NoWaC-korpuset etter predikative plural-adjektiv som står til eit substantiv/DP, viser at svært mange av desse substantiva/DPane refererer til menneskelege vesen og står i nøytrum. Nokre døme:

- (26) a. Ensemblet er klare til å gi publikum en uforglemmelig jubileumsforestilling.
- b. Søndre paintballregiment er klare for avreise.
- c. Bibelskolens eget reise-team er klare for å påta seg oppgaver.
- d. Sametingets flertall er klare til å sikre samenes fremtid.
- e. Norges herrelag er klare for sluttspillet.
- f. NRK-styret er klare for jakten på ny kringkastingssjef.
- g. Folket er klare for et skifte.
- h. Hans lag er klare for UEFA-cupens første runde.
- i. Laget er klare for sin tredje cupkamp.
- j. Publikum er klare for et soloalbum.
- k. Et heltent lag for klare for match.

I døme som dette verkar det ikkje direkte umogeleg å bruke formell kongruens (*klart*), men i dei fleste tilfella skurrar det litt, og semantisk distributiv kongruens synest altså å vere meir naturleg. Ein kunne også tenkje seg at ein som eit alternativ brukte forma *klar* utan bøyingsuffiks. På same måte som i (24) kan dette vere mogeleg i den grad ein kan konstruere substantivet/DPen semantisk-konseptuelt som ei eining som det også er naturleg å referere til med eit m- eller f-substantiv. Til dømes kunne ein tenkje seg at (26e) blir konstruert semantisk som svarande til (27).

- (27) Den gruppa er klar for sluttspillet.

Likevel, når det gjeld manglande pluralbøyning av predikative adjektiv, kan det like gjerne vere eit døme på (påverknad frå dialektal) manglande pluralbøyning av typen vi behandla i delkapittel 3, utan at dette synest å vere korrelert med ei spesiell semantisk tolking.

[5] KONKLUSJON OG SKISSE AV ANALYSE

I dei dataa vi har diskutert i denne artikkelen, er det særleg to empiriske forhold som peikar seg ut som slåande, og som krev ei analytisk forklaring. Det er A) det forholdet at ved semantisk kongruens er det tilsynelatande *ingen formelle kongruenstrekk* i predikasjonssubjektet som utløyer kongruens på det predikative adjektivet, og B) det forholdet at sjølv om det ikkje alltid er formelt samsvar mellom predikasjonssubjekt og predikativt adjektiv, er det *utan unntak formelt samsvar* mellom substantiv og adjektiv når adjektivet står i attributiv stilling. A er eit problem i generative eller formelle morfosyntaktiske analysar der kongruens handlar om mætsjing eller valuering av formelle trekk, og B er i alle tilfelle eit mysterium. Sjølv om denne artikkelen primært har eit empirisk siktemål, vil vi no svært kort skissere ei analytisk tilnærming til A og B (som vi vil utvikle i framtidig arbeid).

Til A: Vi tar som utgangspunkt at kongruens er samsvar mellom *formelle trekk*, der dei formelle kongruenstrekkene til ein subjekts-DP og eit substantiv internt i DP utløyer dei tilsvarende kongruenstrekkene på respektive predikative og attributive adjektiv. Problemet med A og semantisk kongruens er da at det predikative adjektivet får formelle kongruenstrekk frå subjekts-DPen som subjekts-DPen ikkje synest å ha. Analysen vår går ut på at ein DP, i vårt tilfelle ein subjekts-DP som t.d. *politiet*, blir laga ferdig i syntaksen og deretter sett inn i ein ledig DP-posisjon i den overordna setningsstrukturen (ved det som blir kalla ein generalisert transformasjon, jf. Chomsky 1957, 1995). I denne innsettingsprosessen kan ein DP som *politiet* bli konseptuelt/semantisk rekonstituert som plural, slik at dei formelle kongruenstrekkene i DP-posisjonen i setninga der

sg-DPen *politet* blir sett inn, får det rekonstituerte numerustrekket plural. Det er slike rekonstituerte trekk ved subjekts-DPen som utløyser kongruensen på det predikative adjektivet. Denne analysen inneber at vi ved semantisk kongruens har «skjulte» formelle trekk som utløyser kongruensen.³ Sjå Nygård (2018, s. 119 ff.) for ein diskusjon av tilsvarende rekonstituering av formelle trekk brukt i andre samanhengar, og Barstad (2017) for ein analyse der slike trekk blir brukt til å forklare semantisk kongruens ved predikative adjektiv.

Til B: Slike skjulte formelle trekk kan berre oppstå i overgangen der ein ferdigkonstruert DP blir sett inn i ein DP-posisjon i ein overordna (setnings)struktur. Dei kan med andre ord ikkje oppstå internt i DPen. Dette er heilt kortfatta vårt forslag til forklaring på B, sjå også Barstad (2017) og Åfarli & Vangsnes (2019).

Fenomenet semantisk kongruens kan ved første blikk synast å underminere ei formell tilnærming, men det framlegget til analyse som er skissert ovanfor, styrkar nettopp ei slik tilnærming, både fordi ei generell ikkje-formell tilnærming uriktig skulle tillate semantisk kongruens attributivt, men også fordi analyseskissa faktisk innber at det er ein særleg *formell* grunn til at semantisk kongruens er mogeleg i nettopp predikativ posisjon, nemleg rekonstituering av trekk ved innsetting i DP-posisjon.

TAKK

Vi vil takke følgjande kollegaer for hjelp til å vurdere og diskutere data (i alfabetisk rekjkjefølgje): Guro Busterud, Inger Marie Heiene, Janne Bondi Johannessen, Terje Lohndal, Anders Nøklestad og Marit Westergaard. Vi vil også takke ein anonym fagfelle for nyttige innspel som har vore til gagn for artikkelen både med omsyn til framstilling og innhald.

Den største takken rettar vi til Janne for den krafta ho har vore i det norske språkvitskaplege miljøet i fleire tiår. Vi har begge vore så heldige å få samarbeide tett med henne både i *Nordisk dialektsyntaks* (ScanDiaSyn-prosjektet) og seinast i LIA-prosjektet som hadde sitt avslutningsseminar i Trondheim i november 2019, stødig og myndig leidd av Janne. Mange og kjære er minna om alt frå heftige diskusjonar på prosjektleiarmøte og faglege seminar til spennande og trivlege feltarbeidsturar land og strand rundt ulike stader i Norden. Saman med den omfattande vitskaplege produksjonen som har komme ut av prosjekta våre, vil dei minna leve vidare i lang tid enno jamvel om Janne ikkje lenger er blant oss.

[3] Analysen vår er beslekt med, men likevel fundamentalt ulik tidlegare framlegg til forklaringar på semantisk kogruens, t.d. *pluringulars* i Den Dikken (2001) eller *mereology feature* i Sauerland & Elbourne (2002).

REFERANSAR

- Barstad, Marie. 2017. Kameleoner i eksoskleetale trær: en syntaktisk analyse av adjektivkongruens i norsk, MA-oppgåve, NTNU, Trondheim.
- Bonet, Eulàlia. 2013. Agreement in Two Steps (at Least). I *Distributed Morphology Today*, redigert av Ora Matushansky & Alec Marantz, 167–184. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Chomsky, Noam. 1957. *Syntactic Structures*. The Hague: Mouton.
- Chomsky, Noam. 1995. *The Minimalist Program*. Cambridge, Mass.: The MIT Press.
- Den Dikken, Marcel. 2001. “Pluringulars”, pronouns and quirky agreement. *The Linguistic Review* 18: 19–41.
- Enger, Hans-Olav. 2004. Scandinavian pancake sentences as semantic agreement. *Nordic Journal of Linguistics* 27: 5–34.
- Enger, Hans-Olav & Tor A. Haugen. 2017. Styrking og svekking av genussemantikk – ei diakron drøfting av (in)animathet ved pannekakesetninger og anaforisk den. *Maal og Minne* 2017(2): 43–72.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Guevara, Emiliano R. 2010. NoWaC: a large web-based corpus for Norwegian. I *Proceedings of the NAACL HLT 2010 Sixth Web as Corpus Workshop*, Association for Computational Linguistics: 1–7.
- Haugen, Tor A. & Hans-Olav Enger. 2019. The semantics of Scandinavian pancake constructions. *Linguistics* 57: 531–575.
- Nygård, Mari. 2018. *Norwegian Discourse Ellipsis: Clausal architecture and licensing conditions*, Amsterdam: Benjamins.
- Nickel, Klaus P. 1994. *Nordsamisk grammatikk*. Karasjok: Davvi Girji.
- Roehrs, Dorian & Marit Julien. 2014. Adjectives in German and Norwegian. I *Adjectives in Germanic and Romance*, redigert av Petra Sleeman, Freek Van de Velde & Harry Perridon, 245–262. Amsterdam: Benjamins.

Sandøy, Helge. 1988. Samsvarsbøyning av adjektiv og perfektum partisipp i norske dialektar. In *Nordiske studiar. Innlegg på den tredje nordiske dialektologkonferansen 1986*, redigert av Andreas Bjørkum & Arve Borg, 85–117. Skrifter frå Norsk målførearkiv 40. Oslo: Universitetsforlaget.

Sauerland, Uli & Paul Elbourne. 2002. Total reconstruction, PF movement, and derivational order. *Linguistic Inquiry* 33: 283–319.

Åfarli, Tor A. & Øystein A. Vangsnes. 2019. Adjectival inflection across varieties of Norwegian. Foredrag på EdiSyn 9, University of Glasgow, 22.–23. mars.

SUMMARY

This article provides an empirically based overview and discussion of types of adjectival agreement in attributive and predicative positions in Norwegian. In particular, we focus on two empirical facts that are quite striking: 1) With semantic agreement in predicative position, there are apparently no formal agreement features in the predication subject that trigger agreement on the predicative adjective; 2) Even though there is not always formal agreement between the predication subject and a predicative adjective, there is always strict formal agreement between the head noun and an attributive adjective.

KONTAKT

Tor A. Åfarli

Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet

tor.aafarli@ntnu.no

Øystein A. Vangsnes

UiT Noregs arktiske universitet & Høgskulen på Vestlandet

oystein.vangsnes@uit.no